

Møre bispedømeråd

Møre biskop

Fråsegn om høyringsnotatet ”Forslag om endringar i gravferdslova og kyrkjelova”

Vi kommenterer nedanfor dei konkrete endringsforslaga som er lagt fram av Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, jf brev og høyringsnotat frå departementet av 30.06.2010. Nummereringa nedanfor samsvarer med den som står i departementet sitt høyringsnotat.

Gravferdslova

4.1 Kunnskap, kjennskap og samhandling

Endringsforslag: Nytt tredje ledd i § 23
Den som har forvaltningsansvaret for gravlegging i kommunen innbyr minst en gang i året de tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet, til et møte for å drøfte hvordan tros- og livssynssamfunnenes behov ved gravferd kan ivaretas.

Vurdering: Det er viktig å leggje til rette for utveksling av kunnskap og kjennskap lokalt og at det er god samhandling mellom fellesrådet og trus- og livssynssamfunna. Eit lovfesta årleg drøftingsmøte vil medverke til dette. Der det er små kommunar bør det vere mogleg å ha felles møte. Forslaget i pkt 4.3 om gravlegging i særskild tilrettelagt grav i anna kommune understøtter også at slike møte evt kan være interkommunale.

Konklusjon: Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget. Det bør bli opna for at slike møte kan vere felles for fleire kommunar.

4.2 Hovudbestemmelse om omsynet til den avdøde sin religion og livssyn

Endringsforslag: Ny overskrift til § 1:
Grunnleggende bestemmelser

Nytt fyrste ledd i § 1:
Gravlegging skal skje med respekt for avdødes religion eller livssyn.

Vurdering: Det kan vere god grunn til å ta inn i lova eit ledd som uttrykkjer ei overordna norm for gravferdsforvaltinga, jf Gjønnesutvalet som peika på at gravlegging bør skje med respekt for den einskilde si tru og livssyn. Vi er samde i at dette nye leddet rettar seg mot alle som er involverte i gravferdsstell- og forvalting: Dei som syter for gravferda, dei som har dagleg driftsansvar for kyrkjegard og krematorium, dei som utøver forvaltingsmynde etter gravferdslova

og forskriftene, kommunar og alle som er involverte i planlegging og tilrettelegging.

Vi vil og peike på samanhengen med pkt 4.5 om vigsling av gravlund og pkt 5.2 om kremasjon. Våre standpunkt her er også grunna i respekten for trusstandpunkt og livssyn.

Konklusjon: Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

4.3 Særskild tilrettelagde graver

Endringsforslag: Nytt tredje punktum i andre ledd i § 6:
Ved gravlegging i grav som er særskilt tilrettelagt for å imøtekomme religiøse og livssynsmessige (minoriteters) behov, dekkes kostnadene av kirkelig fellesråd i hjemkommunen når denne ikke selv har et slikt tilbud.

Vurdering: Det er ikkje realistisk at alle småkommunar kan imøtekomme ynskje om tilrettelagde graver for alle minoritetar som bur der. Derimot er det rimelig at større kommunar etter kvart som det norske samfunn vert meir pluralistisk kan imøtekomme slike behov. Det er difor rimeleg å innføre ei ordning der heimkommunen til den døde dekkjer kostnadane ved gravlegginga dersom denne skjer i ein annan kommune. Det samsvarer med interkommunalt samarbeid innanfor barnevern, spesialistomsorg mv.

Konklusjon: Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

4.4 Kyrkjegard – nemning og plassering

Endringsforslag: Ny tittel på lova skal vere:
Lov om gravlunder, kremasjon og gravferd (gravferdsloven)

Tilsvarande vert odet "kirkegård" endra til "gravlund" gjennom heile gravferdslova.

Andre punktum i fyrste ledd i § 2 vert oppheva:
Kirkegård skal i alminnelighet anlegges i hvert sokn og i nærheten av en kirke.

Vurdering: Sidan det kan vere behov for å markere at den offentlege gravstaden er for alle og ikkje berre for kyrkjemedlemer, vil det vere rimeleg med namneendringa som det er gjort framlegg om. Likevel er langt dei fleste gravferdene kyrkjelege gravferder. (Over 92 % i Noreg i 2009.) Og langt dei fleste gravstadene ligg ved kyrkjer. Det må difor vere fullt mogleg at det framleis kan

heite kyrkegard, særleg for dei som ligg ved kyrkjer. Dette må gjelde både for eksisterande kyrkjegardar og nyanlegg.

Konklusjon: Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget. Lova må ikkje vere til hinder for at konkrete gravstader som ligg rundt kyrkjer kan ha kyrkjegard i namnet.

4.5 Frå vigsling av kyrkjegard til seremoni på gravlund

Endringsforslag: Ny overskrift til § 5 skal vere:
Seremoni på gravlund.

Ny § 5 skal vere:

Tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet skal gis anledning til å gjennomføre en seremoni når en ny gravlund tas i bruk. En slik høytidelighet må ikke utformes eller gjennomføres slik at den forhåner eller på en krenkende eller sårende måte viser ringeakt for de andre tros- eller livssynssamfunnene som gravlegger sine medlemmer på den samme gravlund.

Vurdering: Vi ser på dette som eit vidtrekkjande endringsforslag. Noverande gravferdslov gjev Den norske kyrkja og registrerte trussamfunn høve til å vigsle heile eller delar av gravstaden. Det nye lovforslaget gjev trus- og livssynssamfunn rett til å gjennomføre ein seremoni før ein ny gravstad vert teken i bruk.

Det er ikkje sikkert at forslaget treng å føre til vesentleg endring av kyrkja sin vigslingsliturgi, men det vil truleg vere eit stort spenn i skjønet knytta til spørsmålet om ein seremoni ”*på en krenkende eller sårende måte viser ringeakt for de andre tros- eller livssynssamfunnene som gravlegger sine medlemmer på den samme gravlund.*”

Omgrepet seremoni er meir nøytralt og vert like gjerne brukt i sekulære samanhengar som i religiøse, medan omgrepet vigsling er eit kyrkjeleg og religiøst omgrep. Det kan gjerne vere slik at trus- og livssynssamfunn som har verksemd på staden kan gjennomføre ein seremoni på ny gravlund. Men det er viktig både for kristne og for kyrkja at det framleis er høve til å halde kristne gravferder på gravstader som er vigsla til dette.

Etter vår forståing er vigsling naudsynt for å kunne ha ei kristen gravferd, jf høyringsdokumentet s.16, andre avsnittet. Det er ei klar svekking av denne forståinga og denne tradisjonen dersom kyrkja ikkje lenger skal få høve til å vigsle dei delane av gravstaden der kristne gravferder skal avsluttast med jordfesting, bøn og salmesong. Ut frå kyrkjelig tradisjon og tenking er det eit

vesentlig poeng at ein gravstad nettopp vert vigsla. Slik vi også vigslar kyrkjer der vi på ein særskild måte forventer at Gud møter menneskja. I samsvar med kyrkjeleg tradisjon meiner vi at det skjer noko med dei menneska og dei stadane som vert vigsla – fordi vigslinga inneber ei overgjeving til Gud og hans makt.

Konklusjon:

Den norske kyrkja og registrerte trussamfunn på staden (evt trussamfunn som har verksemd der) må framleis ha høve til å vigsle heile eller delar av ny gravlund før arealet vert teke i bruk. For kyrkja er vigsling av gravstaden naudsynt for at det skal kunne haldast kristen gravferd der. Og det må framleis vere høve for kyrkja til å kunne vigsle delar av arealet, jf pkt 4.2 om omsynet til tru og livssyn.

Det bør likevel takast inn ei formulering i lova som presiserer at seremoni på gravstad ikkje på ein sårande eller krenkande måte skal vise ringeakt for andre religionar, trus- eller livssynssamfunn.

4.6 Fristar ved gravferd og kremasjon

Endringsforslag:

Nytt andre ledd i § 10 skal vere:

Kremasjon skal skje i godkjent krematorium og senest 14 dagar etter dødsfallet.

Nytt fyrste ledd i § 12 skal vere:

Dersom avdøde ikke er blitt kremert, skal gravlegging skje senest 14 dagar etter dødsfallet.

§ 13 skal vere:

Fristene i § 10 andre ledd og § 12 gjelder ikke når avdødes legeme skal nyttas i samsvar med bestemmelsene i lov 9. februar 1973 om transplantasjon, sykehusobduksjon og avgivelse av lik m.m., eller det er besluttet sakkyndig likundersøkelse i medhold av straffeprosessloven § 228.

Kirkelig fellesråd kan forlenge fristene i § 10 andre ledd og § 12 dersom det foreligger tungtveiende grunner for det.

Dersom vilkårene for oppbevaring av kiste tilsier det, skal kirkelig fellesråd forkorte fristene i § 10 andre ledd og § 12.

Fellesrådets avgjørelse etter denne paragraf kan ikke påklages.

Vurdering:

Noverande fristar for gravlegging av kiste og for kremasjon er 8 dagar etter dødsfallet. Det er ikkje uvanleg at desse fristane vert forlenga, fellesrådet har høve til å forlenge fristen ” dersom det foreligger tungtveiende grunner.”

Møre bispedømeråd går i mot forslaget om å forlenge desse fristane. Også høyringsdokumentet viser til at forslaga om endringar her har vore motstridande. Vi er ikkje sikre på kven sine behov ein tenkjer på når ein foreslår utvida frist. Vi trur at av sjelesørgeriske omsyn til dei næraste bør det ikkje gå for lang tid mellom dødsfall og gravferd.

Vi trur heller ikkje det er ei god ordning at fellesråda både skal kunne forlenge fristen og i visse høve er pålagde å forkorte fristen. For fellesråd i små lokalsamfunn vil det vere ein byrde å forkorte ein frist som er gjeven i lovs form. Vi ønskjer at fristane for gravlegging og kremasjon skal vere som no, men at fellesråda skal ha høve til å forlenge fristane til inntil 14 dagar etter dødsfallet.

Konklusjon: Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg ikkje til forslaget. Fellesråda bør ha høve til å forlenge fristane til inntil 14 dagar.

4.7 Oskespreiing

Endringsforslag: *Departementet foreslår ikkje endringar i § 20 andre ledd som på visse vilkår gjev fylkesmannen mynde til å tillate oskespreiing.*

Vurdering: Det bør framleis vere eit lovfesta høve til å få gjennomført oskespreiing på visse vilkår. Lovregelen er slik utforma at fylkesmennene har tilstrekkeleg rom for ei dynamisk fortolking og at allmenne omsyn er ivaretekne.

Konklusjon: Møre bispedømeråd og Møre biskop har ikkje merknader til at lovregelen står uendra.

4.8.1 Lovregulering av kyrkjeleg medverknad ved oskespreiing

Endringsforslag: Siste punktum i § 20 vert oppheva:
Ved slik gravferd kan det ikke kreves kirkelig medvirkning.

§ 9 sjetle ledd vert oppheva:
Når det ønskes kirkelig medvirkning ved gravferden, skal den som sørger for gravferden gi melding om gravferden skal avsluttes med kistebegravelse eller kremasjon og urnenedsettelse.

Vurdering: Departementet har ei formal grunngjeving for forslaget om å ta vekk dei to formuleringane: Sidan gravferdslova skal rette seg mot eit fleir-religiøst samfunn bør ein ta vekk reglar som berre vedkjem Den norske kyrkja.

Oskespreiing let seg ikkje kombinere med kyrkjeleg medverknad, verken ved gravferda eller sjølve spreinga. Vi meiner det må gå

fram av lova at oskespreiing er ei såpass særskild handling at det kan få konsekvensar for seremonien eller gravferdshandlinga. Vi forslår difor at det blir teke inn ei formulering som har ein meir allmen karakter enn den noverande, men som likevel gjev uttrykk for det vi ønskjer.

Konklusjon:

Dei ledda som departementet ønskjer å oppheve, bør bli erstatta med til dømes slik formulering: *"Slik gravferd (seremoni) utføres av de tros- og livssynssamfunn som gjør vedtak om det."*

4.8.2 Saksbehandlingsreglar for krematorium og gravferd

Endringsforslag: § 4 fyrste ledd får eit tillegg om tilslutning frå kommunen og vert slik:

Anlegg, utvidelse, nedleggelse eller annen vesentlig endring av gravlund og bygninger på gravlund kan ikke skje uten etter tilslutning fra kommunen og med tillatelse fra bispedømmerådet. Bispedømmerådet kan sette vilkår for tillatelsen.

§ 4 tredje ledd vert oppheva:

Før vedkommende myndighet treffer avgjørelse, skal menighetsmøtet gis anledning til å uttale seg om oppføring av krematorium og om anlegg og nedleggelse av kirkegård.

Vurdering:

Departementet vil ta inn formuleringa om tillatelse frå kommunen for å unngå moglege konflikhtar mellom kommunen som har budsjettmynde og bispedømerådet som har planmynde. Eit slikt tillegg kan vere sakssvarande og vi vil slutte oss til dette. Vi har ein mindre merknad til ordbruken i høyringsdokumentet: Vi meiner det er fellesrådet som har planmynde, ikkje bispedømerådet. Bispedømerådet har godkjenningsmynde.

Vi er samde i departementet si grunngjeving for å oppheve § 4 tredje ledd. Bygging av krematorium og anlegg av nye gravstader må planleggjast på lang sikt og inngå i kommunen sine arealplanar. At lovformuleringa vert teke ut, er likevel ikkje til hinder å reise soknemøtesak dersom ein finn det ønskjeleg.

Konklusjon:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til endringsforslaget for § 4 fyrste ledd. Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget om å oppheve § 4 tredje ledd.

5.1 Rett til grav for dødfødt barn mv.

Endringsforslag: § 6 første ledd vert slik:

Avdøde personer som ved dødsfallet hadde bopel i kommunen har rett til fri grav på gravlundene her. Det samme gjelder dødfødte barn når moren eller faren har bopel i kommunen.

Siste punktum i andre ledd i § 9 vert slik:

Ektefelles rett etter denne bestemmelsen gjelder tilsvarende for person som levde i ekteskapsliknende samboerskap med avdøde da dødsfallet fant sted.

Vurdering:

I §6 første ledd er det gjort ei endring ved at bopel til far også er gjort gjeldande med omsyn til kvar dødfødte barn har rett til fri grav. Tidlegare var formuleringa slik:

Det samme gjelder dødfødte barn når moren har bopel i kommunen.

I § 9 andre ledd er det gjort nødvendige tilpasningar i samsvar med innhaldet i den nye ekteskapslova.

Konklusjon:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

5.2 Kremasjon som gravferdsform

Endringsforslag:

Nytt første ledd i §10, erstatter noverande fyrste og andre ledd:
Kremasjon kan skje med mindre det er kjent at det var i strid med avdødes ønske.

Vurdering:

Noverande formulering i gravferdslova er slik:

Den som har fylt 15 år, kan i skriftlig erklæring treffe bestemmelse om kremasjon. Erklæringen skal være underskrevet og datert.

Dersom det ikke foreligger erklæring som nevnt i første ledd, kan kremasjon skje med mindre det er kjent at kremasjon var i strid med avdødes religiøse overbevisning eller ønsker for gravferden.

Høyringsnotatet omtaler også behovet for å likestille dei to gravferdsformene økonomisk. I dag er det høve til å ta gebyr for kremasjon medan gravlegging i kistegrav er utan gebyr for dei som er busette i soknet. Høyringa kjem likevel ikkje med framlegg om å forby gebyr på kremasjon i denne omgangen.

Konklusjon:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget. Vi vil advare mot formuleringar som kan fungere som press til kremasjon, jf pkt 4.2.

5.3 Endring av meldingsrutiner

Endringsforslag:

Kravet i § 10 fjerde ledd og i § 11 om at det skal fremlegges legeerklæring ved dødsfall, og kravet i § 11 om at det skal framlegges kopi av kremasjonsregisteret, kan oppheves.

Vurdering:

Det er i gjeldande lov eit krav om at den som sett fram ”begjæring om gravlegging” også legg fram legeerklæring om dødsfallet. Departementet meiner dette etter kvart har blitt unødvendig sidan melding om dødsfall også går til tingretten, der dødsfallet vert registrert og dokumentert med legeerklæring. Departementet meiner det er tilstrekkelig grunnlag for iverksetting av gravferd eller kremasjon at den som syter for gravferda framsetter begjæring om gravferd/kremasjon ved å bruke skjemaet som departementet har utarbeida til dette bruk. I NOU 2007: 16 om ny skiftelov vert det foreslått at dødsfall i framtida berre vert meldt til tingretten, som melder frå vidare til gravferdsmyndet.

I gravferdslova er det fastsett at den som sørger for gravferda skal fremsette ei oppmoding til kyrkjegardsmyndet om gravlegging, jf gravferdslova § 11. Til dette bruk har departementet utarbeidd eit skjemaet ”Begjæring om gravlegging og/eller kremasjon” med undertittelen ”Gravferdsmelding til kirkegårdsmyndigheten.” Dette skjemaet har etter hvert blitt teke i bruk de fleste stader og er grunnlaget for fellesrådet si førebuing og gjennomføring av gravlegginga.

Konklusjon:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

5.4 Krigsgraver

Endringsforslag:

Ny § 23a skal vere:
Graver for utenlandske soldater og krigsfanger (krigsgraver) fra første og andre verdenskrig skal være fredet uten tidsbegrensning, holdes i hevd og forvaltes med den verdighet som deres egenart tilsier. Departementet kan gi nærmere regler om forvaltning og vedlikehold av krigsgraver, krigsgravlunder og krigsminnesmerker.

Vurdering:

Behovet for å sikre ei betre og meir einsarta forvaltning på området er departementet si grunngeving for å gi kyrkjeleg fellesråd ansvar for vedlikehaldet av dei særskilde krigskyrkjegardane og krigsgraver på vanlege gravlunder. Staten skal framleis ha det økonomiske ansvaret.

Konklusjon:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

Endringar i kyrkjelova

6.1 Tilpasningar til ny organisering av prestetenesta

Endringsforslag: Endringar i §§ 2, 5, 6, 9 og 11 som følgjer av ny organisering av prestetenesta.

Vurdering: Alle desse endringane synes å vere naturlege konsekvensar av tidlegare og pågåande omorganisering av prestetenesta..

Konklusjon: Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaga.

6.2 Harmonisering med barnelova

Endringsforslag: § 3 nr 4 andre ledd siste punktum vert oppheva:
Har barnet fylt 12 år, skal dets mening høres når det er anledning til det.

Vurdering: Formuleringa i kyrkjelova handlar om at barn over 12 år skal bli høyrde når foreldre/verge på vegne av barnet avgjer medlemskap eller tilknytning til trussamfunn. Når departementet vil oppheve denne er det fordi dei meiner at omsynet er ivaretatt i barnelova, og at det ikkje er naudsynt å omtale dette i kyrkjelova § 3. Det bør ikkje vere særlege reglar i kyrkjelova som kan kome i strid med alminnelege reglar i barnelova.

Barnelova § 31 handlar om at barnet skal bli høyrte i saker som gjeld "personlege tilhøve for barnet." Frå 7 år skal barnet få seie meininga si i slike saker. Frå 12 år skal ein leggje stor vekt på kva barnet meiner.

Departementet legg til grunn at medlemskap i trussamfunn må reknast som "personlege tilhøve for barnet."

Møre bispedømeråd saknar ei drøfting av om dette får innverknad på at den som har fylt 15 år kan melde seg inn i eller ut av Den norske kyrkja, jf kyrkjelova § 3 pkt 6. Den alminnelege religiøse myndighetsalder er 15 år, jf Lov om trdomssamfunn § 3.

Konklusjon: Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget, men bed om at det vert avklara på kva for måte det verkar inn på den religiøse myndighetsalderen, jf Lov om trdomssamfunn § 3.

6.5 Politiattest

Endringsforslag: Overskrifta til § 29 skal vere
Krav om medlemskap m.v.

Nytt andre ledd skal vere:

Det kan utstedes barneomsorgsattest, jf politiregisterloven § 39 til bruk for lovbestemte organer i Den norske kirke for person som lønnet eller ulønnet skal ansettes, utføre oppgaver eller inneha tillitsverv der vedkommende vil ha ansvar for eller være i kontakt med mindreårige.

Vurdering:

Det har ikkje vore heimel i kyrkjelova for å krevje politiattest frå frivillige eller tilsette medarbeidarar i kyrkja. Det har vore eit klart ynskje frå Kyrkjerådet at lova skulle endrast slik at kyrkja på lik line med offentlige og frivillige verksemder kan krevje politiattest ved tilsetting eller engasjement til bestemte stillingar og verv i Den norske kyrkja. Difor er det all grunn til å gje si tilslutning til denne endringa av kyrkjelova.

Krav om politiattest må likevel ikkje føre til at kyrkja legg tilsides andre tiltak for å forebygge overgrep mot barn og unge i kyrkjelig arbeid, slik som innhenting av referansar, spørsmål stilt under intervju, gode førebyggjande, generelle rutiner i barne- og ungdomsarbeid osv.

Opplysningar om straffbare forhold er svært personleg informasjon og kyrkja må difor også syte for gode rutiner som ivaretek personvernet. Kyrkja må ved utlysing av stillingar eller når det vert oppfordra til frivillig engasjement tydeleg gje informasjon dersom at det vil bli avkrevd politiattest frå den eller dei som vert tilsett. Det er verdt å understreke at ein politiattest etter politiregisterlova §39 omfattar fleire ulike paragrafar i straffelova, og at arbeidsgjevar sjølv må vurdere kva konsekvensar ein eller fleire merknader skal få for tilsettingsforholdet.

Konklusjon:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget. Tilsettingsorgana i Den norske kyrkja må få tilstrekkelig informasjon og opplæring til å forvalte den nye lovregelen. Ein treng både å kjenne lova sine intensjonar og få kunnskap til å utøve naudsynt skjøn

6.6 Krav om medlemskap i DNK for lærarar ved teologisk fakultet

Endringsforslag:

§ 29 fyrste ledd skal vere:

Kirkelig tilsatte og ombud skal være medlem av Den norske kirke. Departementet kan dispensere fra kravet når særlige grunner tilsier det.

Vurdering:

Kravet om medlemskap i Den norske kyrkja for lærarar ved teologisk fakultet fell dermed bort. Regelen har hatt lita praktisk betydning og tida synest moden for endring.

Konklusjon:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

6.7 Kyrkjebokføring

Endringsforslag: § 37 nytt andre ledd skal vere:
Opplysninger som nevnt i første ledd kan etter nærmere bestemmelser av departementet inntas i medlemsregister for Den norske kirke, jf. § 3 nr. 10.

Vurdering: Forslaget legg til rette for at det i framtida kan bli elektronisk registrering av kyrkjelege handlingar. Dette vil vere eit stort framsteg.

Konklusjon: Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

6.8 Klageadgang for vedtak etter offentleglova

Endringsforslag: § 38 om saksbehandlingsreglar får eit tillegg i andre ledd:
Vedtak etter offentlighetsloven som er truffet av menighetsrådet eller kirkelig fellesråd, kan påklages til bispedømmerådet. Vedtak etter offentlighetsloven som er truffet av bispedømmerådet, kan påklages til Kirkerådet.

Vurdering: Etter gjeldande kyrkjelov kan ikkje vedtak i lovfesta kyrkjelege organ bli påklaga med mindre det er særskild fastsett at det kan skje. Dette kjem i hovudsak av at kyrkjelege organ ikkje står i eit generelt over- eller underordningsforhold til kvarandre.

Departementet ønskjer å gjere det mogleg at vedtak i kyrkjelege organ som er gjort med heimel i offentleglova skal kunne påklagast. I praksis vil det dreie seg om saker der kyrkjelege organ har avslått innsyn. Bispedømerådet blir klageorgan i saker der sokneråd og fellesråd er vedtaksorgan. Tisvarande blir Kyrkjerådet klageorgan i slike saker der bispedømerådet er vedtaksorgan.

Det er rimeleg å gje høve til å klage på vedtak som kyrkjelege organ har gjort i medhald av offentleglova. Ved at bispedømmeråda og Kyrkjerådet får rolla som klageorgan får ein den same saksgangen som er i klagesaker etter regelverket om utlån av kyrkjer og etter visse reglar i kyrkjegardslovgevinga.

Konklusjon: Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

6.9 Særskilde reglar om ugildhet

Endringsforslag: Endring i bokstav b) i tredje ledd i § 38:
Personer med soknet som arbeidsgiver og som i egenskap av tilsatt har medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for en

avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i same sak, skal alltid anses som ugild når saken behandles i organ for soknet.

Vurdering:

Departementet ønskjer å presisere at det berre er lokalkyrkjeleg tilsette som evt kan bli ugilde når sak vert handsama i eit organ i soknet, ikkje t.d. prestar eller prostar som måtte vere medlemer.

Den norske kyrkja har ein gjennomgåande embete/råd-struktur. Når prest, prost og biskop er medlemer i dei ulike valde råda er det både for å leggje til rette for samhandling mellom dei to strukturane og for at embetet har eit særleg ansvar for læremessige tilhøve. Departementet foreslår ut frå dette at geistleg oppnemnde i råda ikkje skal kunne bli ugilde.

Det er på den andre sida eit viktig og sentralt prinsipp i all sakshandsaming at den som er med i førebuinga av ei sak ikkje skal vere med å realitetshandsame same saka i vedtaksorganet.

Møre bispedømeråd ser at her er det ein konflikt mellom eit nedarva prinsipp i embete/råd-strukturen og eit grunnleggjande prinsipp i moderne sakshandsaming. Det fullt mogleg å tenkje seg at prestar og prostar har ei rolle i førebuing av einskildsaker i rådsstrukturen. Skal dei då alltid og likevel vere fullt habile i rådshandsaminga? Det harmonerer dårleg med alminnelege reglar for sakshandsaming.

Konklusjon:

Møre bispedømeråd og Møre biskop meiner dette punktet treng noko grundigare gjennomtenking før det evt vert gjort framlegg om lovendring.
